

# Journalisten som kom inn frå kulden

Her i redaksjonen brukar de innestemme. Det har vore eit kultursjokk for meg, seier Øystein Helmikstøl etter ein knapp månad i Psykologtidsskriftet.

TEKST:

**Arne Olav L. Hageberg**

PUBLISERT 5. mars 2012

---



**GRAVEKLAR:** - Det ligg openbart journalistisk gull i psykisk helsefeltet, seier Tidsskriftet sin nye medarbeidar, Øystein Helmikstøl. Foto: Arne Olav L. Hageberg

Ifølgje han er vi så venlege og varme at det ikkje er bare-bare for ein hardbarka avisjournalist å omstilla seg. Øystein kjem direkte frå jobben som internettnettsjef i Dagsavisen, der han mellom anna har hatt ansvar for oppbygging og drift av den anerkjente meiningsportalen nyemeningar.no. Men kvifor ville han til oss for å bli journalist og redaksjonssekretær?

## **Pirka i makta**

□ Psykologien grip om seg i samfunnet og får stadig meir å seia, slår Helmikstøl fast. Det er slikt som gjer psykologifeltet spanande for ein som alltid har interessert seg for å pirka i makta og avdekka kven som eigentleg bestemmer over kva.

□ òg, understrekar han, psykologi er interessant i seg sjølv. □ Dessutan interesserer tidsskriftformatet meg. Det gjev rom for å gå djupt og breitt i stoffet og jobba meir med sakene.

Dette er ikkje sjølv sagt når ein jobbar i dagspressa, der enkle konfliktlinjer og kjappe nyhende ofte er det som blir etterspurt.

□ Tidsskriftformatet har i seg eit potensial for å vera grundig, konkluderer han, og dreg også fram gleda og verdien i å jobba med noko som er meir varig enn nettjournalistikken og dei kjappe debattane, som han har skriva og redigert sin del av.

## **Rikssynsarveldet**

Helmikstøl ser òg at Tidsskriftet kan vera med å bidra til at samfunnsdebatten baserer seg meir på forskning og mindre på synsing. Han understrekar at han er audmjuk med tanke på si eiga rolle i dette. Men meiner like fullt at Tidsskriftet, med sin sterke identitet som formidlar av seriøst forskingsstoff, har potensial til å kunna motarbeida rikssynsarveldet □ der stadig færre meiner mykje om mange ting.

□ Eg såg i dagspressa kor lett det var når det nærma seg deadline å ta opp telefonen og ringa dei du visste alltid hadde den på og alltid hadde noko å seia. Der har vi i Tidsskriftet eit potensial til å nå ut med noko meir viktig og ta inn gode artiklar som kan prega debatten, seier Helmikstøl, og dreg fram fagartikkelen frå desemberutgåva som problematiserte den utstrekta bruken av elektroshokkbehandling i psykisk helsevern.

Vi spør om journalistiske førebilete, og svara kjem trillande.

– Astrid Meland i VG er ein veldig god journalist. Det ho har skriva om Treholt-saka og Fasting Torgersen-saka, er førebiletleg. Eg kunne òg nemnt mange i Dagsavisen, der eg har lært mykje om reieleg journalistikk. Og Harald Eia. Det han gjorde på sitt beste i «Hjernevask» □ då han var modig, nysgjerrig og sanningsøkande □ var formidabelt.

## **Innelåste gravejournalistar**

Den nye kollegaen vår har forresten ein ønskedraum for redaksjonen.

□ Eg skulle ønska vi hadde to gravande journalistar, som jobba bare med det. Dei skulle plasserast på eit låst rom □ der vi hadde nøkkel □ og sleppast ut når dei hadde ei ferdig sak å presentera.

Helmikstøl er ikkje redd dei måtte sitta så lenge der inne, for det som har med psykologi og psykisk helse å gjera, er underbelyst.

□ Det ligg openbart journalistisk gull i feltet, seier han, og nemner som døme at vi står på terskelen til Noregs største rettssak, som óg kjem til å dreia seg om psykologiske vurderingar. Dessutan er det vanvittig mykje pengar i feltet.

□ Då er det garantert òg mykje grums.

For ikkje å nemna alle politiske tiltak, handlingsplanar og utgreiingar som aldri blir evaluerte og ikkje gått etter i saumane.

□ Det er mykje å ta tak i. Og papiravisene slit, medan tidsskrift er moderne.

På tampen, har han ei helsing til lesarane?

□ Tips oss om kva vi bør skriva om, og gje respons! Korriger oss når vi gjer feil, og sei frå, anten de er sure eller glade.

*Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 49, nummer 3, 2012, side 306*

**TEKST:**

**Arne Olav L. Hageberg**, Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet